

Immanuelkyrkja i Tel Aviv

Immanuelkyrkja er ei vakker lita kyrkje i den gamle bydelen Jaffa i Tel Aviv. Her er det eit fargerikt fellesskap av menneske frå heile verda. Det samlande er trua på at Jesus er Messias, Guds Son. Kyrkja blir driven av Den Norske Israelsmisjon, og visjonen er å gje evangeliet tilbake til det jødiske folket. Dei vil vera ei kyrkje som tar i mot folk med opne armar og viser Jesu kjærleik. Her kjem jødar og ikkje-jødar til eit kristent fellesskap som samlar folk på tvers av kulturelle og sosiale skilje.

Det er ei krevjande tid for kyrkjelyden med krig og krise i Midt-Austen, samtidig fortel det norske pastorparet Siv Anita og Eyvind Volle at det i denne tida er ei aukande interesse for tru i den israelske storbyen. Dei skriv til oss i september 2024 at det for tida er normal aktivitet i kyrkjelyden, og at det er stor vekst i talet på besøkande i kyrkja, både på «open kyrkje» og på ulike arrangement.

Kyrkjelyden har eit allsidig arbeid. Dei feirar gudsteneste kvar sabbat og dei har «open kyrkje» kvar dag frå måndag til fredag. Representantar frå Immanuelkyrkja og Bibelselskapet tar då i mot dei som kjem og kan tilby samtalar om kristen tru. Dei mange glasmåleria til den norske kunstnaren Victor Sparre er ofte innfallsvinkel til slike samtalar. Elles er det eit mangfaldig kyrkjelydsarbeid med bibelgruppe, småbarnstreff, språk-kafe, konsertar og lovsongskveldar.

I tillegg til eige kyrkjelydsarbeid, gir Immanuelkyrkja i løpet av veka rom for seks andre kyrkjelydar, blant anna ein arabisk kyrkjelyd.

Den Norske Israelsmisjon skriv på si nettside: «Vi vil i ord og handling arbeide for fred og forsoning mellom mennesker både i vårt arbeid i Norge og i andre land, og særlig i møte mellom jøder og palestinere.»

Kyrkja si nettside: <https://immanuelchurchjaffa.com>.

Facebook: <https://www.facebook.com/Immanuelchurchjaffa>.

Bryne sokneråd har dette mangfaldige arbeidet og fellesskapet i Immanuelkyrkja som eitt av våre misjonsprosjekt i perioden 2024-2026.